

Kleven samordnar verfta

Kleven Maritime samordnar Myklebust Verft og Kleven Verft. Sande-politikarane fryktar konsekvensane.

NÆRING. Kleven Verft i Ulstein har hatt hand om Myklebust Verft i Sande sidan årsskiftet 2000/2001. Spesielt dei siste åra har verfta hatt ulik utvikling. Kleven si omsetning har gått frå vel 200 millionar i året til over 1600 millionar kroner, og leverte meir enn 45 millionar kroner i resultat før skatt.

Myklebust Verft har på same tid hatt berre ein liten auke i omsetning og gått frå underskot til eit ørlite resultat før skatt på 22 000 kroner i fjor.

Ny sjef. No vel Kleven-konsernet å samordne ressursane for verfta. Det betyr i første omgang at Per-Kristian Furø, som har vore administrerande direktør for Myklebust Verft, har gjort ein avtale med styret og har avslutta si tilsetjing ved Myklebust. Ståle Rasmussen, administrerande direktør i Kleven Verft har teke over.

Styreleiar i Kleven Maritime, Kjersti Kleven, seier i ei pressemelding at dei to verfta har ei ordrebok som grip sterkt inn i kvarandre framover.

– Det krev stor samordning av dei samla ressursane i Kleven Maritime å gjennomføre det store byggeprogrammet på ein best muleg måte.

Styret i Kleven Maritime har gitt Ståle Rasmussen mandat til og ansvar for å foreslå ei samordna leiing av Kleven Maritime sine verft med tilhøyrande driftsmodell.

Fryktar flytting. Denne nyheita gjorde at ordføraren i Sande, Jon Garen, fann det tryggast å invitere Ståle Rasmussen på eit formannskapsmøte, for å orientere om

denne «samordninga». Jon Garen sa at endring i leiinga ofte førte til andre endringar også. Helge Støylen fortalde at Sande har sett at når eigarskapen flyttar seg, så vil resten følgje med. Og formannskapet lurte på kva «samordning» vil bety for hjørnesteinsbedrifta Myklebust Verft.

Ståle Rasmussen sa dei er interesserte i arbeidsplassane på Myklebust Verft, men skal dei vere godt fundamenterte, så krev dei god lønsemd.

– Vi ser at det kan bli betre med litt annan organisasjon og noko meir samordning.

Rasmussen forsikra Sande-politikarane om at med den ordremengda Kleven-konsernet har, så vil det ikkje bli noka nedlegging.

– Myklebust Verft har masse flinke folk, og dei skal vi halde på.

Men direktøren tok også med at oppgåver og funksjonar kan bli endra.

– Eg er oppteken av å halde på så mykje aktivitet som muleg, og vi må klare oss i konkurransen - ikkje mellom kvarandre her ute, men i forhold til andre.

Arne Dyrhol var oppteken av om verfta kunne bli eit aksjeselskap, og dermed mindre skatt til Sande. Det var det ikkje planar om, svarte Rasmussen. Per-Arne Lillebø lurte på administrasjonen, om verfta for eksempel ville halde fram med to personalsjefar.

– Eg vil ikkje forskottere noko, men vi er ei relativt stor bedrift som treng mange ressursar. Om personalfunksjon er definert som dei som skal drive med rekruttering, opplæring, systemarbeid og HMS, og vi skal kutte ned på stillingar der, synest eg ikkje det høyrest spesielt framtidsretta ut.

TORILL MYREN
torill.myren@smp.no

Myklebust Verft AS

År	Omsetn. i mill. kr	Tilsette	Res før skatt i mill. kr
2001	499	120	
2002	443	120	
2003	308	121	
2004	347	125	-24,9
2005	308	112	-5,1
2006	371	116	0,02

Kleven Verft AS

År	Omsetn. i mill. kr	Tilsette	Res før skatt i mill. kr
2001	730	256	
2002	965	256	
2003	413	157	
2004	209	122	-10
2005	710	144	-0,2
2006	1613	173	45,4

Ikkje stor forskjell

Ove Olsen, tillitsvald for Fellesforbundet på Myklebust Verft, seier dei har eit inntrykk av at det ikkje vert så stor forskjell.

– Folk som satsar så mykje pengar her, må ha ei meining med det.

Olsen seier også at med det dei har fått vite, så skal båtane gjerast ferdig i Gursken som før.

– Men du skulle kanskje ta deg ein prat med Per Gunnar Hauge som er tillitsvald for dei på kontora, seier han.

Det prøver Sunnmørsposten, men Hauge vil ikkje uttale seg om noko som ikkje er klarert hos Ståle Rasmussen.